

Til tingretten/byfotembetet i

**Erklæring om privat skifte av dødsbu  
(Overtaking av arv og gjeld)  
Attlevande ektefelle opplyser å vere  
einearving etter reglane om minstearv**

Stad og dato

**Opplysingar om den døde**

Namn	Fødselsnummer (11 siffer)	Dødsdato
Bustadadresse	Postnr.	Poststad

**Testament/ektepakt**

Den døde hadde inngått ektepakt

Den døde etterlet seg testament/gjensidig testament/arvepakt datert(e):

Testament og eventuell ektepakt følgjer vedlagt i original om det ikkje er oppbevart ved, eller sendt inn til retten tidlegare.

**Opplysingar om attlevande ektefelle** (sjå kort orientering på side 2)

Namn	Fødselsnummer (11 siffer)
Bustadadresse/siste bustad	Postnr.   Poststad

**Opplysing om mogleg landbrukseigedom**

Eigde den døde landbrukseigedom eller ideell del i ein landbrukseigedom (eigedom som har over 5 dekar dyrka jord eller 25 dekar produktiv skog)

Dersom ja, gi opp matrikkeleininga: gnr.            bnr.            i kommune

Dersom nei, kryss av her:

Spørsmålet må svarast på anten den døde eigde fast eigedom eller ikkje.

**Oppgåve over formue og gjeld i dødsbu** (i kolonnen «attlevande ektefelle si formue» skal ein berre fylle ut rader med kvit botnfarge)

		Beskriving av formue/gjeld	Attlevande ektefelle si formue	Den døde si formue
<b>A</b>	Ektefellene sine formuer som skal delast likt mellom dei	Bustad, annan fast eigedom	kr	kr
		Bil, innbu og lausøyre	kr	kr
		Bankinnskot, aksjar, aksjefondsandeler	kr	kr
		Anna formue eller verdjar av betyding (spesifiser!)	kr	kr
<b>B</b>	Den døde sitt særlege		kr	
<b>C</b>	Verdjar etter den døde som ikkje skal delast fordi verdiane var			kr
	1) Frå før ekteskapet blei inngått			kr
	2) Gåve/arv mottatt under ekteskapet			kr
	3) Av andre grunnar			kr
<b>D</b>	Gjeld som skal delast mellom ektefellene og andre frådrag	Gjeld som skal delast mellom ektefellene	kr	kr
		Andre plikter etter den døde (spesifiser!)		kr
		Gravferdsutgifter		kr
		Andre utlegg		kr
<b>E</b>	Nettoformue etter den døde			kr

**NB! Skjemaet fortset på side 2 der attlevande ektefelle må signere.**

## Kort orientering til attlevande ektefelle

### Skifteattest

Skifteattest blir utferda når attlevande ektefelle har tatt på seg gjeldsansvaret.

### Gjeldsansvar

Gjeldsansvar inneber at den som har tatt på seg ansvaret for pliktene til den døde, må dekkje eit eventuelt underskot sjølv dersom gjelda etter den døde er større enn formuen. Er det tvil om gjelda kan vere større enn verdien av formuen etter den døde, kan attlevande ektefelle be tingretten utferde preklusivt proklama før ein tar på seg gjeldsansvaret. Preklusivt proklama er ei kunngjering på nettstaden [norsk.lysingsblad.no](http://norsk.lysingsblad.no) og i ei avis der kreditorane får ein frist på seks veker til å melde krava sine. Enkelte typar krav blir ikkje råka av proklama. Sjå meir om dette på eigne nettsider om arv under [www.domstol.no](http://www.domstol.no).

### Nærare om minste arv til attlevande ektefelle

Arvelova har reglar om arverett for attlevande ektefelle. Attlevande ektefelle er mellom anna sikra å arve eit minstebeløp. Attlevande ektefelle er einearving om formuen etter den døde, etter frådrag av gjeld og kostnader til gravferd og gravstad ikkje er større en den aktuelle minste arven. Storleiken på minste arven avheng av om den døde etterlet seg livsarvingar eller ikkje.

Den døde hadde livsarvingar (barn/barnebarn)

- Minste arven til attlevande ektefelle er 4 gonger grunnbeløpet i folketrygda (G)
- Er total arv mindre enn 4 gonger grunnbeløpet i folketrygda, mottar ikkje livsarving arv. Men livsarving kan overta egedelar mot å betale marknadsverdien av egedelen når visse vilkår er oppfylte.

Den døde hadde ikkje livsarvingar

- Minste arven til attlevande ektefelle er 6 gonger grunnbeløpet i folketrygda (G)

Storleiken på grunnbeløpet blir regulert årleg. Sjå mellom anna nettsidene om arv under [www.domstol.no](http://www.domstol.no).

## Orientering om utfylling av skjemaet

Dette skjemaet skal berre nyttast når attlevande ektefelle meiner å vere einearving etter arvelova sine reglar om minste arv. Skjemaet skal IKKJE brukast når attlevande overtar som einearving i medhald av testament etter den døde.

Til formuen til den døde blir medrekna særlege og til vanleg halvparten av den formuen begge ektefellene har spart opp ved eigen innsats under ekteskapet. Formuen bør spesifiserast slik at verdien av bankinnskott, bil, eigedommar, lausøyre og anna formue blir oppgitt kvar for seg.

### Opplysning om moglege landbrukseigedom må alltid fyllast ut

Retten skal gi melding til landbruksstyresmaktene om landbrukseigedommar som den døde eigde. Om den døde ikkje eigde slik eigedom, skal ein krysse av i rubrikken der det står «nei».

### Post A

Posten omfattar den formuen som var eigd av ektefellene og som skal delast likt mellom dei. Formuen til attlevande ektefelle skal haldast utanfor dødsbuet, men bør givast opp for å vise at det er tatt omsyn til den.

### Post B

Her skal ein gi opp særlege etter den døde. Kopi av ektepakt, eventuelt testament der særlege er bestemt, skal leggast ved.

### Post C

Etter ekteskapslova kan verdiar som klart skriv seg frå det som er igjen av det kvar ektefelle hadde av formue då dei gifta seg og det kvar av dei har mottatt av arv eller gåve under ekteskapet, haldast utanom likedelinga når dette ikkje medfører eit openbert urimeleg resultat. Desse verdiane skal ikkje delast. Dersom den døde hadde slike verdiar, skal beløpet førast opp som den døde sin eigedom. Har attlevande ektefelle slike verdiar, skal dette førast opp på eige ark.

### Post D

Lån som ektefellene har tatt opp i fellesskap, skal delast mellom dei. Utlegg som gravferdskostnader og rekingar etter den døde som er betalt etter dødsfallet, skal tas med og fullt ut førast opp på den døde. Det same skal gjerast for gjeld som er knytt til den døde si særlege, og gjeld som den døde har tatt opp aleine.

### Post E

Post A + B + C – D

## Erklæring (underskrift) frå attlevande ektefelle

Eg erklærer at eg er einearving etter den døde. Etter frådrag for gjeld og kostnader, antar eg at verdiane etter den døde til saman er: (kryss av i riktige rute)

Under 4G  Under 6G

Eg stadfester at dei opplysningane som er gitt, er rette.

Eg tar på meg ansvaret for gjelda og andre plikter etter den døde.

Stad og dato

Attlevande ektefelle si underskrift (Sjå om digital signatur på [www.domstol.no](http://www.domstol.no).)